



Brynje-prosjektet blir lagt merke til



Vidar Mortensen presenterte Brynje-prosjektet i Kristiansand.

(Foto: Bykle kommune)

I oktober vart den nasjonale folkehelsekonferansen hal- den i Kristiansand, og Brynje-prosjektet fortalde om Bykle kommune sitt arbeid med inkludering.

Bykle kommune no får internasjonal omtale etter konferansen. Som ein "bonus" for at søknaden om taletid vart skriven på engelsk, blir prosjektet omtala i ei spesialutgåve av fagtidsskriftet "The Scandinavian Journal of Public Health"! Konferansen samla meir enn 600 deltakarar frå heile landet og det var i parallellsesjonen "Samarbeid, samhandling, samskapning med fokus på arbeid og arbeidslivet" at erfaringane frå Bykle blei plukka ut for å delast.

- Me konkurrerte med andre prosjekt frå heile landet om å få taletid på konferansen, så det i seg sjølve er ei stadfesting av at kommunen si satsing på inkludering vert lagt merke til nasjonalt, seier dagleg leiar Vidar Mortensen.

- I presentasjonen la han spesielt vekt på at berebjelken i Brynje-prosjektet er samarbeid og samhandling både internt i kommunen og ikkje minst ut mot lag og foreiningar, bedrifter og ressurspersonar i lokalsamfunnet.

- Fenger interesse

- Det ser ut som at måten me arbeidar på fenger interessa og kan gje nokre konkrete eksempel på gode tiltak og aktivitetar, samstundes som me òg jobbar strukturert og langsiktig med inkludering gjennom planarbeid og politiske sakar, seier Mortensen, og legg til at fleire var interessert i å høyre meir etter presentasjonen.

Jolemøte i Bykle Pensjonistlag

Det blir jolemøte i Bykle Pensjonistlag tysdag 9.12 kl. 13 på Bykle hotell. Stine og Susanne kjem for å fortelje om kva frivilligsentralen held på med, og Pavlina syter for musikk til allsong. Ordførar Hans kjem for å orientere om planar for satsing på bustader for eldre. Joletallerken—kr. 195 for medlemmer—kr. 395 elles.

Påmelding via SMS til Bernt på tlf 91303279 innan fredag 5.12.

Vel møtt!



Høyr no hiera!

No sit du og les på desemberutgåva av Byklaren, og det er ikkje unaturleg å tenke litt på tida me går i møte. Advent og etter kvart

jol er eit fast og godt innslag både på arbeidsplassen og der heime. I kommunen er det innspurt med budsjett og alt anna som skal vere på plass før jolefreden kan senke seg, og rundt om i bygd og grend markerer ulike arrangement at me går inn i den stille tida. Det kan me vel alle ha godt av. I Bykle kommune er inkludering og samhald viktige grunnsteinar i lokalsamfunnet. Det er nok ekstra viktig rundt høgtider. Ein er vel aldri så aleine som i ein stor menneskehop—viss ein ikkje finn sin plass og får vere med i fellesskapen. Her i kommunen er folk flest flinke til ta grep slik at alle skal få vere med. Det betyr mykje. Også dugnadsånden så mange lar seg imponere over viser seg ekstra tydeleg i tida som kjem, og høgtida ein etter kvart skal inn i. Folk finn saman og tar dei taka som trengst. Alt dette bygger ein identitet og ei kjensle av samhald som er uendeleg viktig i alle samfunn. Så er det å håpe på ein fin vinter, med nok av snø, sol frå blå himmel—i alle fall innimellom, og gode tider for alle som skal leve av vinterseongen. Ei fin adventstid og ei god jol skal me uansett ynskje alle—store og små.





www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



Aktiv på dagtid i Bykle

Er du heime på dagtid, eller treng ein pause i arbeidstida og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre? Aktiv på dagtid» består av fem ulike aktivitetar som passar for deg som vil vere med på noko triveleg, enten du har ledig tid på dagtid eller ønskjer å ta ein pause i arbeidstida. Alle er hjarteleg velkomne, uavhengig av fysisk form.

UKEDAG	AKTIVITET	KLOKKELETT	MØTESTAD	KONTAKTPERSON
MANDAG				
TYS DAG	Yoga	10:00-11:00	Dansesal, Hovden grendehus	Line Steine tlf: 917 01 414
	Foreldretrim	11:00-12:00	Dansesal, Hovden grendehus	Stine Gulowsen tlf: 917 87 411
ONSDAG	Turgruppe	11:00-12:00	Hovden grendehus	Susanne Bergste tlf: 921 17 253
TORS DAG	Trimtreff	11:00-12:00	Trimrom, Bykle samfunnshus	Aud Skagestad tlf: 900 70 995
	Sterke saman instruktør: Stine G.	11:00-12:00 (oddetalveker)	Samfunnssal, Bykle samfunnshus	Stine Gulowsen tlf: 917 87 411
FREDAG				

SJÅ ALLE AKTIVITETANE I SPOND. SKRIV INN KODEN I SPOND: IFZBR

Hovden grendehus og bibliotek tel. 902 16 856	Bykle samfunnshus og bibliotek tel. 902 16 856
- Måndag-torsdag 8-21 - Fredag 8-16 - Redusert opningstid 9-16: 22., 23., 29. Og 30. Desember - Stengt: 26., 31. Desember, 2. januar samt dei raude joledagane	- Måndag 10-16.30 - Torsdag 10-16.30 Stengt veke 52 og veke 1. Meiopent bibliotek alle dagar 7-23

For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss

- Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune.
- Leie pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-
- Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatlandstoga.
- Me i kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via Spond når det gjeld tilbud rette mot alle barn/unge frå 4.trinn -10. trinn.

Me er på Spond! Kode: IFZBR

kultur@bykle.kommune.no

Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle frivilligsentral, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.



Tømekalender

Restavfall: 10.12

Matavfall: 10.12, 17.12

Papir, glass/metall, plast: 17.12



Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)



språkkafé

SPRÅKKAFE HOVDEN/BYKLE BIBLIOTEK

JOLEAVSLUTNING:

4. desember kl 18:00, Hovden grendehus.

Graut, gløgg og kos!

Oppstart 2026: 8 januar - Bykle Bibliotek.

Frivilligsentralen inviterer til språkkafé! Språkkafé er ein møtestad mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga, som gir høve til å treffe nye menneske, ha ulike aktivitetar, få praktisert norsk og engelsk i trygge omgjevnader og bli kjend med folk og staden. Vi treng frivillige som vil skravle – både på norsk og engelsk.

Ta kontakt med Stine Gulowsen
tlf 917 87 411 viss du vil vere med.



Kulturkafe

Datoar våren 2026.

Onsdag 28. Januar –

Konsert med Line Jørgensen

Onsdag 25. Februar –

Program kjem

Onsdag 25. Mars –

Foredrag “Er du forberedt?”

med Jarle Løwe Sørensen

Har du tips eller ynskjer til kulturkafe? Send oss ein epost til:

kultur@bykle.kommune.no

Med atterhald om endringar.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00

E: postmottak@bykle.kommune.no

Jolehelsing frå ordføraren

Så var det snart jul igjen, og tid for ettertanke. Verden rundt oss er fortsatt urolig, det siste året har dessverre ikke gjort oss mer rolige. Både nasjonalt og lokalt har begrepet «beredskap» blitt noe de fleste har hørt om og har fått et forhold til. Manipulering av nyheter og «fake news» gjør at vi hele tiden må filtrere nyhetene som kommer fra alle kanter og kanaler. En aggressiv nabo i øst og et svært uforutsigbart statsoverhode i vest, gjør at vi i lille Norge kan begynne å tvile og se mørkt på framtiden. Men, det er veldig viktig å ikke miste perspektivene. Vi lever i kanskje verdens beste land, med ytringsfrihet, stor tillit til myndighetene, stor valgdeltakelse og tro på demokratiet og ikke minst i et land hvor forskjellene er små og hvor de aller fleste har alle muligheter til å leve gode liv. Men, vi skal også være oppvakt av å ta vare på de som faller utenfor, det er fortsatt huller i velferdsstaten og rom for forbedringer.



I Bykle opplever vi innbyggervest, kommunen leverer svært gode tjenester, og vi har fortsatt økonomisk handelfrihet. Usikkerhet omkring framtidige inntekter fra vannkraften, innebærer at vi må ha buffere og muligheter til å omstille oss om inntektene fra vannkraften reduseres. Også i Bykle må vi kanskje i enda større grad enn tidligere være nøkterne og ikke pådra oss økte driftskostnader. Økte driftskostnader vil være krevende om inntektene reduseres. Bykle kommunestyre vedtok dette året ny kommuneplan-samfunnsdel og er nå i gang med rullering av arealdelen i kommuneplanen. Samfunnsdelen har flere mål, og blant disse er stedsutvikling i Bykle kyrkjebygd og destinasjonsutvikling på Hovden. Det er avsatt betydelige midler til investeringer, og kommunestyret er samstemte både i forhold til prioriteringer og investeringsprosjekt de kommende årene.

NM ble folkefest

Om vi ser oss tilbake, så har det skjedd mye i Bykle også dette året. NM i langrenn ble en folkefest. Den frivillige innsatsen fra både innbyggere og hyttebyklere var imponerende og også helt avgjørende for at resultatet ble så bra. Det ble et mesterskap som virkelig satte Hovden og Bykle på kartet, og arrangørene høstet enormt stor honnør fra Norges Skiforbund og media. Dugnad bringer folk sammen, man skaper ting sammen, det bidrar til større trivsel og bedre folkehelse! Oppgraderingen av RV9 fortsetter i stort tempo, og det siste året har det vært en rekke snorklippinger. I samarbeid med Statens veivesen har vi også fått etablert mange kilometer med turveier og gang/sykkelveier gjennom kommunen langs riksveien. Dette bidrar til større trafiksikkerhet og bedre folkehelse både for innbyggere og gjester. Hovden Fjellbad ble åpnet i høst, og åpningen ble markert på skikkelig vis. Anlegget ble utrolig flott, man klarte å holde tidsplanene og budsjettene, og besøkstallene er allerede langt høyere enn hva man hadde håpet på. Vi er i det grønne skiftet. Fokus på å ta vare på naturen har fått et helt annet fokus, og hele landet og verden skal erstatte fossilt brennstoff med fornybart. Dette påvirker også oss i Bykle, og både kommunen og flere store bedrifter gjør grep og er offensive i denne omstillingen. Bykle går faktisk foran og viser vei i det grønne skiftet. Fra en tid med stor utbygging av hytter og leiligheter må næringslivet omstille seg til en lavere utbyggingstakt. Både kommuneplanens samfunnsdel og den strategiske næringsplanen som nylig er lagt ut på høring, peker på at vi må jobbe mot et mer variert næringsliv, ha flere bein å stå på. Bykle har de beste forutsetningene for å lykkes!

Med disse ordene ønsker jeg alle en riktig god jul og et godt nyttår, og en takk til alle som har bidratt til å gjøre verden bedre det siste året.

Hans Petter



Hovden grendehus

6.12—18:00 "ZooTropolis"

20.00 «Den siste viking»

Med atterhald om endringar



Stadig meir UKM i Bykle kommune!

UKM - Ung kultur møtast, er ein skikkeleg suksesshistorie i Bykle kommune med ungdomen i sentrum. Med stadig meir aktivitetar året rundt blir grunnlaget lagt for rekruttering og ein fellesskap både born og unge veks på. Engasjementet rundt UKM – Ung Kultur Møtast har aldri vore større i Bykle. Gjennom målretta arbeid, samarbeid med skulane og satsing på unge arrangørar har UKM på Hovden blitt eit av årets høgdepunkt for born og unge i kommunen, og eit opplegg det blir sett til også frå andre deler av landet.


Snart 4000 fylgjer Bykle på Friskus!

Snart har 4000 menneske lasta ned og nyttar appen Friskus for å få med seg nyheitsmeldingar frå Bykle kommune. Appen er gratis å laste ned og bruke.

Med Friskus får ein alle nyheiter som blir lagt ut på heimesida til Bykle kommune som eit PLING inn på mobiltelefonen. Sjølv saka på heimesida er då bare eitt tastetrykk unna. Aktuelle politiske saker ligg også i appen. Når ein lastar Friskus ned må ein bare hugse på å også krysse av for at det er Bykle kommune ein vil fylgje! Ein kan fylgje inntil 10 kommunar i appen.



Bykle kommune
nyttar appen Friskus kommune.
Her får ein informasjon frå sin kommune – rett i lomma.



Bykle rådhus— opningstider i jola



Måndag 22.12:10-14

Tysdag/onsdag 23-12/24.12: stengt

Måndag/tysdag 29.12/30.12: stengt,
men sentralbordet er ope frå 10-14

Onsdag 31.12: stengt

Fredag 02.01: stengt, men sentralbordet er ope frå 10-14

Det er mogleg å lage avtalar med sakshandsamarar om vitjing

Innspelet til Sti- og løypeplan

Bykle kommune har starta arbeidet med revidering av gjeldande sti- og løypeplan. Målet med prosessen er å sikre eit godt og framtidsretta tilbod av stiar og løyper for både fastbuande, hytteeigarar og tilreisande, post@bykle.kommune.no eller brev til Bykle kommune, Sarvsvegen 14, 4754 Bykle. Merk innspelet med **22/99**.

The Holdovers
16. desember kl. 19:00
På Hovden Grendehus
De som ikke har noen andre steder å gå, blir igjen på skolen i juleferien.
Aldersgrense: 9 år 2t 13min
Billettpris - Gratis
Kontingent 2026 - 50,-

MÅNADENS BOK

Boksirkelen møtast måndag 15/12 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka **“Giæver og lunker”** av Erlend Loe. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med. Velkomen! Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek.

Datoar for Boksirkel våren 2026

12. Januar, 9. februar, 9. mars, 20. April og 11. mai.





POPUP

Gjenbruksbutikk

Opnar 20.nov

Fjellgardstun

Opningstider:

Torsdag og fredag 13:00-18:00

Lørdag 10:00-16:00

Her kan du levere brukt, selje eigne ting eller komme innom kaffikroken for ein hyggelig gjenbruksprat.

Levering av varer i opningstida. Me tar imot det meste du kan bære under armen, så lenge det er:

helt, pent og rent

Vil du selje eigne varer? Kontakt Kultur og fritid:

E-post: kultur@bykle.kommune.no

Tlf: 902 16 856




DEN NORSKE KYRKJA
Bykle, Valle og Hylestad

Gjennom honorarfondet vil vi gjere folkemusikken i Setesdal kjent og høyr, og stimulere til aktivitet!



HONORAR- FOND TIL FOLKEMUSIKK



Ei ordning for deg som vil ha
eit arrangement i kommunane
Bykle, Valle, Bygland, Åseral og
Evje og Hornnes.

Når du nyttar våre lokale
folkemusikarar til arrangement i
kommunane Bykle, Valle, Bygland,
Åseral og Evje og Hornnes kan
du som arrangør få tilskot til å
dekke honoraret.

Alle lag, foreiningar, bedrifter
og privatpersonar kan søkje
om tilskot frå fondet. Døme
på tilskipingar: Konferansar,
bedriftssamlingar,
representasjonsoppdrag,
feiringar som opningsfestar,
jubileum og «runde dagar».

Meir informasjon og søknads-
skjema finn du på kommunane
sine heimesider, eller du kan
sende ein e-post til
post@setesdalspelemannslag.no



Bykle kommune



Valle kommune



Bygland kommune



Åseral kommune



Evje og Hornnes kommune



Setesdal Spelemannslag




Valle Sparebank
- allstøtt med deg

Vil ha innspel til planprogrammet for heilskapleg plan for oppvekst



Bykle kommune har gjennom arbeidet med vedteken planstrategi sagt at ein skal utarbeide ein heilskapleg plan for oppvekst. Planen skal ha fokus på førebyggjande arbeid, samhandling og folkehelse. No ynskjer Bykle kommune innspel til planprogrammet - Innhenting av innspel til sjølve planen kjem i 2026.

Planen skal gå på tvers av sektorar og fungere som eit strategisk styringsverktøy for å sikre gode og trygge oppvekstvilkår for alle barn og unge. I Planstrategien står det at det skal utarbeidast ein «Heilskapleg plan for Oppvekst – inkludert folkehelsestrategi», med oppstart i 2025. Innspel kan det sendast til post@bykle.kommune.no eller som brev til Bykle kommune Sarvsvegen 14, 4754 Bykle - Merk innspelet "25/627"

Frist for å kome med innspel er 19. desember.

Fjellgardshallen open i desember

Fjellgardshallen på Hovden har ope tre datoar i desember, 3., 10. og 17. Vel møtt til varm mat, kaker, varm og kald drikke og mykje sosial moro! Satsinga er eit samarbeid mellom Bykle og Hovden rideklubb og Brynje-prosjektet i Bykle kommune.

Fredagsgruppa på Hovden opnar for fleire deltakarar

Den såkalla Fredagsgruppa på Hovden opnar no opp for fleire deltakarar. Treningsgruppa er for deg som er i yrkesaktiv alder, men som er heime på fredagsmorgonar på grunn av til dømes arbeidstid, sjukmelding eller permisjon. Treng ikkje forkunnskap. Det krev ingen forkunnskap, men du må enkelt kunne kome deg ned på golvet og opp att. Har du lyst til å vere med, eller har du spørsmål?

Ta kontakt med fysioterapeut Anne Thielecke på telefon 953 06 880

JULEKONSERT Med Rakkel



FOTO: Flora Wiedertehr

17

DESEMBER

KLOKKA
19.30

FJELLGARDANE
KYRKJE

FRI
INNGANG





DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad



www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester

Sundag 7.12—kl. 16

Ljosmesse og jolekonsert,

Bykle kyrkje

Onsdag 10.12—kl. 12.30

Andakt Bykleheimen

Sundag 14.12—kl. 16

Sundagsskule, Kyrkjekjeddaren i Bykle

Sundag 14.12—kl. 19

Jolekonsert med Anders Robstad og Håkon Sagen

Bykle kyrkje—billettsal i døra

Onsdag 17.12—kl. 19.30

Jolekonsert med Rakkel—Fjellgardane kyrkje.

Gratis inngong.

Arr: Kultur og fritid

Torsdag 18.12—kl. 12.30

Skule/Barnehage gudsteneste—Fjellgardane kyrkje

Fredag 19.12—kl. 10.30

Skule/Barnehage gudsteneste—Bykle kyrkje

Laurdag 20.12—kl. 19

Jolekonsert med Asbjørn Ribe og familien Nordheim.

Fjellgardane kyrkje. Billettsal:

www.ticketmaster.no

Onsdag 24.12—kl. 13.30

Jolegudsteneste—Hovden grendehus

Onsdag 24.12—kl. 15

Jolegudsteneste—Bykle kyrkje



Frå fakkeltog til ljosmesse i Hylestad 1. sundag i advent

Tradisjonen tru blir 1. sundag i advent markert i Hylestad med alt frå ljosmesse til fakkeltog og aktivitetar på Setesdalsmuseet:

14.00 - Stort joleverkstad - kom og lag jolepynt med oss!

16:30 - Jolegrantenning og fakkeltog til kyrkje

17:00 - Ljosmesse i Hylestad kyrkje

Bygdekvinnelaget sel pølser, mykje kaker og kaffi. Utstillingane er ope, og det er fri inngong!



Gratis bading i symjehallen i Bykle samfunnshus

Onsdagar er det gratis bading i symjehallen i Bykle samfunnshus.

Familiebading kl. 16.30-18.00

Vaksenbading kl. 18.00-19.00

Det er badevakt med livredningskurs til stades. Tilbodet er gratis, inga påmelding. Symjinga fylgjer skuleruta 2025.

Førjolskveld i Skafsåheii Fjellkyrkje

Fredag 5. desember kl. 1900

Velkomen til ein kveld der vi vil synge advents-og jolesongar!

Dei som losar oss gjennom kvelden er:

Gunstein Seltveit
Hallvard N. Jørgensen
Ingrid Seltveit
Lina Haugholmen

Servering av jolekake, pepparkaker, kaffi og frukt

Kollekt til drift av Fjellkyrkja
Velkomen!

Arr: Fjellkyrkjelaget



Ja,
så er det jul

**ASBJØRN
RIBE**

Med familien Nordheim

Fjellgardane kyrkje
20. desember, kl. 19.00

BILLETTER: TICKETMASTER.NO



Pilar
Musikkforlag

Sundagsmøte på Klippen

Det blir skipa til sundagsmøte på Klippen i Bykle 14. desember klokka 11. Vel møtt!